

Pris frå kr. 3900,-



© Thomas Bichard/BildFoto

OPPLEV LYSET OG LEGENDA PÅ HEILAGØYA SELJA "Ingen kjem til Selja utan å undre seg – ingen reiser derifrå urord"

Ei irsk kongsdatter trudde seg til havet; Ho valde å flykte i frå landet ho arva då faren døydde, heller enn å gifte seg med ein gudlaus mann. Det vart starten på ei reise i vikingtida som enda på Selja. Søkande menneske har i over 1000 år reist til Selja i fotspora til denne irske kongsdottera som seinare vart ein kjær helgen i Norge kalla St. Sunniva. Med det kraftfulle Stadhavet som ramme

for turen, inviterer vi deg til ein guida tur til klosterruinane frå 1100- talet på Selja og det unike kulturlandskapet på Stadlandet. Opplev den mektige kulturarven frå vikingtida og mellomalderen. La deg forundre av lyset si magiske kraft der himmel møter hav, la deg fange av stemningar som gjer godt for kropp og sjel.

Sagaøya Selja

På øya Selja ligg Norge sin første helgenstad, der kong Olav Tryggvason fann relikviar i ei hole i år 996. Her låg dei heilage leivningane etter Sankta Sunniva. Pilegrimar valfarta frå nord og sør, frå inn- og utland, for å oppsøke det første pilegrimsmålet i landet.

På øya ligg ruinane av Selja Kloster, kanskje landets eldste kloster. I klosteret levde benediktinarmunkane sine liv i arbeid og bøn. Her samlast lek og lerd, og mange tungemål var å høre.

Ruinanlegget er det største i landet. Her ligg klosterfirkanten med tårnet i 14 meters høgde. Og i ura tett ved ligg store terrassar med Sunnivahelleren og Sunnivahola innanfor. Der leid Sankta Sunniva martyrdøden.

I desse omgjevnadene lever legenda om den heilage Sunniva vidare. I dag, som for tusen år sidan, tiltrekks staden seg mange menneske som ønsker å kjenne historia på kroppen.

Ruinanlegget ligg berre ein kort båttur frå Selje. Opplev det unike kulturminnet i det makelause landskapet vendt mot storhavet.



© Stad Naturguiding Foto

Tidspunkt:

09. – 11- september
30. september – 02. oktober
Min 10 personar. Max 30 personar.
Book via Selje Hotel.





© Thomas Bichard/BlikkFoto

Program

Fredag:

Individuelle ankomstar til Selje. Innsjekk på Selje Hotel seinast kl. 1730

18:00 Velkommen til Selje – bli kjent med naturen – spasertur med forfriskningar – historiefortelling. Tur til Risnakken for dei som er spreke.

19:30 Utstilling og middag på Doktorgarden Selje

21:30 Overnatting på Selje Hotel

Laurdag:

Frukost

09:00 Avreise med transport fra Selje til Ervik på Stad

09:45 Vandring på Stadlandet med Stadt Naturguiding - snacks

13:00 Lunsj i særeigen kystr natur

15:00 Retur til Selje Hotel

16:00 Opplevingskveld på øya Selja – båttur til øya og kort pilegrimstur fra Bø til Selja Kloster.

Snacks og minikonsert på heilagøya Selja.

19:30 Retur til Selje og middag på Selje Hotel

Søndag:

Frukost

10:00 Utsjekk fra Selje Hotel og avreise etter egen tidsplan.

Besøk gjerne eit av våre galleri, vandre langs den kvite Seljesanden eller besøk nokre av våre andre attraksjonar

Prisen på kr. 3900,- inkluderar:

- 2 netter på Selje Hotel (pr. person i dbl.rom)
- Båttur til Selja Kloster
- 1 lunsj og 1 kveldsmåltid
- 3 timer naturguiding
- 1 middag på Selje Hotel
- Transport rundt Stadlandet
- Minikonsert

Utvid opplevinga med:

- Surfekurs i Hoddevika
- Yoga i låven ved havet
- Vandre på kvite sandstrender
- Fjelltur i Selje
- Kajakkтур

